ALVER KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Tyark AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 11.12.2020 |
| Vår: 20/2019 - 20/78735 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve - hus 03 gbnr 322/166 seksjonar 12-18 Mjåtveit

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 1343/20** |
| **Tiltakshavar:** | Mjåtveitmarka B16 AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Tyark AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustadblokk med 7 bueiningar på gbnr gbnr 322/166 seksjonar 12-18 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: blokk med 7 leiligheiter.**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 11.12.2021.**
3. **Utomhus skal utførast i samsvar med sak 16/3007 i DS 02/2017 før ferdigattest skal utstedast.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak DS 27/2017 i saka 16/2999, datert 03.12.17.
Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Utomhus.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: bustadblokk med 7 bueiningar.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 22.11.22.
Ferdigmelding for tilkopling til kommunale VA-leidningar vart godkjent 10.12.20 i sak 20/18878.

Det vert elles vist til søknad motteken 26.11.20 og supplert 09.12.20.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Mjåtveitmarka 64 A, B, C, D, E, F og G, seksjonar 12-18 |
| Bygningstiltak: | Bustadblokk med 7 bueiningar |
| Bygningsnummer: | 300609755 |
| Bruksareal: | 520 m2 |
| Avløp: | kommunalt |
| Vatn: | kommunalt |
| Tal på røykløp: | 0 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/2019

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik<br>Avdelingsleiar | Larissa Dahl<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Mjåtveitmarka B16 AS | c/o Tysseland arkitektur AS Strandgt.19 | 5013 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tyark AS | Strandgaten 19 | 5013 | BERGEN |